



# MØTEBOK REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

**Møtedato:** Torsdag 21.3 – fredag 22.3.2013  
**Stad:** Hemsedal, Fossheim Hotell

**REGIONRÅDET  
FOR HALLINGDAL**

## **Desse møtte frå Regionrådet og rådmannsutvalet:**

Oddvar Grøthe	Sveinung Halbjørhus	Hemsedal kommune
Tony Kjøl	Lars Ole Skogen,	Hol kommune
Ivar Brevik	Tone Tveito Eidnes	Ål kommune
Hallvor Lilleslett	Hege Mørk	Gol kommune
Tor Magnussen	Else Hørge Asplin	Nes kommune
Tor Egil Buøen	Odd Egil Stavn	Flå kommune

- Knut Arne Gurigard møtte som dagleg leiar Regionrådet for Hallingdal
- Ulrikke Ytteborg møtte som prosjektleiar Hallingdal 2020

---

## **TEMA FOR DRØFTING:**

### **Hallingdal 2020**

Ulrikke Ytteborg orienterte om arbeidet med Hallingdal 2020, vedlagt presentasjon. Regionrådet/rådmannsutvalet vart og utfordra på kva som bør vera i «verktøykassa» og synspunkt/idear om ny profil/logo for Hallingdal (gruppearbeid).

### **Interkommunalt samarbeid og budsjettprosess**

Regionrådet og rådmannsutvalet drøfta budsjettprosess i forhold til interkommunale samarbeidsorgan. Det er nødvendig at deltakarkommunane får budsjettforslag innan 1.september, slik at det blir med i den ordinære budsjettprosessen.

Det er og ynskjeleg at det blir etablert rutine på ein felles «eigarskapsdag», som fortrinnsvis bør vera i mai –juni.

### **IKT- samarbeidet i Hallingdal**

Halgrim Merødningen orienterte om IKT-samarbeidet i Hallingdal (vedlagt presentasjon). Etter orientering drøfta Regionrådet/rådmannsutvalet hovudutfordringane når det gjeld IKT-samarbeidet i Hallingdal, i forhold til deltakarkommunane. Det kan kort oppsummerast slik:

- Større vektlegging av kommunikasjon/informasjon om IKT-samarbeidet i Hallingdal:
  - Tydeleggjering av kva IKT-samarbeidet omhandlar, inkl. økonomi.
  - Synleggjering av gevinstar ved samarbeidet.
- Avklare framtidig organisering

### **Hallingdal Barnevern**

Barnevernsleiar Lars Even Olsen orienterte om Hallingdal Barnevernteneste (vedlagt presentasjon):

- Status for Hallingdal Barnevernteneste (vedlagt presentasjon).
- Kva er utfordringane?

## **Nasjonal Transportplan**

Regionrådet drøfta vidare arbeid i forhold til stortingsmelding om Nasjonal Transportplan, som vil bli lagt fram etter påske.

## **Diverse**

### **Hallingtinget**

På grunn av forviklingar med møtekollisjon blir Hallingtinget over ein dag, 15.4.2013  
Det blir vurdert å få til to-dagars samling til hausten.

### **Hallingbrønnen i Congo Brazzaville**

Margit Totland har vore i kontakt med m.a. Gol kommune og Regionrådet for Hallingdal med ein ide om ein «Hallingbrønn» i Kongo Brazzaville. Målet er å samle inn kr. 350 000. Det vil dekke utgifter til eit borehol som kan gje 60 000 liter pr. døgn. Hallingbrønnen skal borast ca. 15 mil nord for hovudstaden. Plassen heiter Ingniè. Det bur fleire tusen menneske der, men næraste vannkilde (elv) ligg ca. 4 km. frå plassen.

Regionrådet rår til at kommunane støttar tiltaket med kr. 1,- pr. innbyggjar (bruk Gol si formulering).

Ål 2.4.2013

for rådsordførar

Knut Arne Gurigard

Dagleg leiar

### **Vedlegg:**

- Presentasjon Hallingdal 2020
- Presentasjon IKT- samarbeidet i Hallingdal
- Presentasjon Hallingdal Barnevern